



MENTAL HELSE
Sykkylven

ÅRSMØTEPROTOKOLL

27. FEBRUAR 2025

Sted: BOS «BLÅSALEN», Kyrkjevegen 58, 6230 Sykkylven

Møteprotokoll:

SAK 1: KONSTITUERING AV ÅRSMØTET

1.1. Velkommen til årsmøtet

Møte sett klokka 18:00. Styreleiar Anne Turid Angell Vikstad ynskja velkomen og informert om praktiske ting rundt møtelokalet.

1.2. Namnedteikning av frammøtte medlemmar

Tal på frammøtte med gyldig tale-, forslags- og stemmerett kontrollert mot medlemslista. Andre frammøtte (gjestar og observatørar) notert.

Vedtak: Tal på røysteføre 13. Namnedteikning vedlagt protokoll som vedlegg 1.

1.3. Godkjenning av innkallinga og sakliste.

Informasjon om innkallinga og saksdokumenta vart lagt fram av styreleiar Anne Turid Angell Vikstad.

Innstilling frå styret: Innkallinga og saklista godkjennast.

Saksbehandling: Følgande hadde ordet: 4 Tandstad, 6 Wærøy.

Innkomne forslag: Fellesforslag frå: 4 Tandstad, 11 P. Angell Vikstad, 12 Ålgårdstad: Datoar for utsending av innkallinga og årsmøtedokumenta må vere med i saksinformatjonen i framtida.

Avrøysting:

1: Fellesforslag. 13 røysteføre i saka. Einstemmig.

2: Godkjenning av innkallinga og sakliste. 13 røysteføre. Einstemmig.

Vedtak:

1. Datoar for utsending av innkallinga og årsmøtedokumenta må vere med i saksinformatjonen i framtida.
2. Innkallinga og sakliste godkjent.

1.4. Val av møteleiar og sekretær

Innstilling frå styret: Møteleiar: Ingen, årsmøtet må velje.
Møtesekretær: Ingen, årsmøtet må velje.

Saksbehandling: Følgande hadde ordet: 12 Ålgårdstad, 8 Sundholm,
1 Grebstad.

Innkomne forslag: Fellesforslag frå årsmøtet. Møteleiar: Petrine
Angell Vikstad. Møtesekretær: Stig Ålgårdstad.

Avrøysting: 13 røysteføre. Einstemmig. Val ved akklamasjon.

Vedtak:

Møteleiar: Petrine Angell Vikstad.
Møtesekretær: Stig Ålgårdstad.

Møteleiar og møtesekretær leiar årsmøtet vidare.

1.5. Forretningsorden

Innstilling frå styret:

Innlegg (vanleg 5 min.), Replikk (1 min.), Svar på replikk (3 min.)
Møteleiar kan justere taletida ved behov.

Ein kan kunn be om ordet til ei sak når møteleiar spør om nokon vil
ha ordet til saka. Ein viser dette ved handsopprekking med
nummerlapp.

For å be om replikk til innlegg vises dette med handsopprekking med
to fingrar.

Dersom det er mange som vil ha ordet i ei sak, for eksempel ved
engasjerande debatt, kan møteleiar sette strek i saka. Ingen fleire kan
då be om å få ordet i saka.

Forslag frå årsmøtedelegatane må leverast møteleiar skrifteleg på
utdelt skjema.

Dersom det kjem inn mange likelydande forslag i ei sak, kan møteleiar og sekretær be årsmøtet forhandle og samlast om eit felles forslag.

Alle avstemmingar og val føregjeng etter Mental Helse sine vedtekter § 27.

Det er ikkje lov å forlate eller ta plass i møtesalen utan å be møteleiar om lov fyrst. Dette fordi møteleiar skal ha kontroll på kor mange som er røysteføre ved kvar avrøysting.

Saksbehandling: Ingen innkomne forslag. Følgande hadde ordet: 13 Ellingsen, 1 Grebstad, 10 Sandvær.

Avrøysting: 13 røysteføre. Einstemmig.

Vedtak:

Innlegg (vanleg 5 min.), Replikk (1 min.), Svar på replikk (3 min.)
Møteleiar kan justere taletida ved behov.

Ein kan kunn be om ordet til ei sak når møteleiar spør om nokon vil ha ordet til saka. Ein viser dette ved handsopprekking med nummerlapp.

For å be om replikk til innlegg vises dette med handsopprekking med to fingrar.

Dersom det er mange som vil ha ordet i ei sak, for eksempel ved engasjerande debatt, kan møteleiar sette strek i saka. Ingen fleire kan då be om å få ordet i saka.

Forslag frå årsmøtedelegatane må leverast møteleiar skrifteleg på utdelt skjema.

Dersom det kjem inn mange likelydande forslag i ei sak, kan møteleiar og sekretær be årsmøtet forhandle og samlast om eit felles forslag.

Alle avstemmingar og val føregjeng etter vedtektene § 27.

Det er ikkje lov å forlate eller ta plass i møtesalen utan å be møteleiar om lov fyrst. Dette fordi møteleiar skal ha kontroll på kor mange som er røysteføre ved kvar avrøysting.

1.6. Val av to protokollunderteiknarar

Innstilling frå styret: Ingen, årsmøtet må velje.

Saksbehandling: Forhandlingar i salen.

Innkomne forslag: Fellesforslag frå årsmøtet: Svein Honningsvåg, Kirsti Vedvik.

Avrøysting: 13 røysteføre. Einstemmig.

Vedtak: Protokollunderteiknarar: Svein Honningsvåg, Kirsti Vedvik.

1.7. Val av teljekorps

Dersom det blir skrifteleg val er det teljekorpset som tar seg av dette. Vanleg med 3 personar.

Innstilling frå styret: Ingen, årsmøtet må velje.

Saksbehandling: Forhandlingar i salen.

Innkomne forslag: Fellesforslag frå årsmøtet: Svein Honningsvåg, Nils-Inge Holm, Anja Grebstad.

Avrøysting: 13 røysteføre. Einstemmig.

Vedtak: Teljekorps: Svein Honningsvåg, Nils-Inge Holm, Anja Grebstad.

SAK 2: ÅRSMELDING 2024-2025

Styreleiar Anne Turid Angell Vikstad la fram årsmelding for perioden dei har lagt bak seg.

Innstilling frå styret:

Årsmeldinga godkjennast og leggjast ved protokollen som vedlegg 2.

Saksbehandling: Følgande hadde ordet: 6 Wærøy, 3 Gautvik, 2 Vikstad, 12 Ålgårdstad.

Innkomne forslag: Fellesforslag frå årsmøtet: Omtalen av gjestar på 20 årsjubileet bør omfamne alle, så må ha med kommunalt tilsette og andre samarbeidspartnarar.

I forbindelse med Verdsdagen 10. oktober la vi også til rette for at ein brukar fekk historia si på trykk i lokalavisa Nyss.

Under representasjon manglar deltaking på Mental Helse Ålesund sitt ekstraordinære årsmøte.

Forslag frå møtesekretær: Sidan det er einigheit om punkta som vart foreslått kan det endrast redaksjonelt i årsmeldinga, og innstillinga kan då lyde: Årsmeldinga med dei redaksjonelle endringane som framkom godkjennast og leggjast ved protokollen som vedlegg 2.

Ingen mot føresegner.

Avrøysting: Styret har ikkje stemmerett ved godkjenning av årsmeldinga. 7 røysteføre. Einstemmig.

Vedtak: Årsmeldinga med dei redaksjonelle endringane som framkom godkjennast og leggjast ved protokollen som vedlegg 2.

SAK 3: ÅRSREKNESKAP 2024

Årsrekneskap for siste kalenderår m/revisjonsrapport. Lagt fram av kasserar Stig Ålgårdstad.

Innstilling frå styret:

Revidert årsrekneskap 2024 godkjennast og leggjast ved protokollen som vedlegg 3.

Saksbehandling: Ingen innkomne forslag.

Følgande hadde ordet: 6 Wærøy, 3 Gautvik.

Avrøysting: Styret har ikkje stemmerett ved godkjenning av årsmeldinga. 7 røysteføre. Einstemmig.

Vedtak:

Revidert årsrekneskap 2024 godkjennast og leggjast ved protokollen som vedlegg 3.

Delegat 10 Sandvær forlèt årsmøtet klokka 19:20. 12 røysteføre.

SAK 4: EVENTUELT FASTSETJING AV HONORAR (VEDTEKTENE § 26.3)

Innstilling frå styret:

Sidan vi ikkje har frie midlar til å dekkje honorar kostnadane er det ikkje økonomisk grunnlag for styrehonorar i perioden 2025-2026.

Saksbehandling: Ingen innkomne forslag.

Følgande hadde ordet: 13 Ellingsen, 6 Wærøy.

Avrøysting: 12 røysteføre. Einstemmig.

Vedtak:

Sidan vi ikkje har frie midlar til å dekkje honorar kostnadane er det ikkje økonomisk grunnlag for styrehonorar i perioden 2025-2026.

SAK 5: FAGLEG DEL VED FYLKESFADDER (VEDTATT AV FYLKESLAGET)

Fylkeslaget har vedteke at fylkesfadder skal ha kontakt med lokallaget to gongar i året, ein av desse er lagt til årsmøtet til lokallaget.

Fylkeslaget utarbeidar kvart år ein presentasjon over mål og tiltak som dei vil sette fokus på.

Eit av måla med presentasjonen er å få innspel til fylkeslaget frå lokallaga, slik fylkeslaget kan tilpasse sine tiltak i lokallagssatsinga. Ingen formell saksbehandling eller avstemming. Innspela vert notert av fylkesfadder eller møtesekretær.

Innspel frå oss:

- Vi må sende inn forslag til fylkeslaget om saker vi vil brukarrepresentantar skal jobbe med.
- Vi må samarbeide meir.
- Fylkeslaget må bli flinkare til å kontrollere fakta i saker før dei blir publisert, slik at lokale medlemmar ikkje blir: feil sitert, står fram med feil informasjon eller får feil informasjon.

Pause 19:48 – 20:00

SAK 6: INNKOMNE SAKER

Saker som har kome frå medlemmar eller organisasjonen vår. Styret skal ha behandla desse sakene før dei blir framlagt til årsmøtet (vedtektene § 25.4).

Det har ikkje kome inn sak til årsmøtet.

SAK 7: HANDLINGSPLAN 2025-2026

Framlegget frå styret byggjer på styringsdokument i organisasjonen, lokale forhold og innspel frå medlemar på medlemsmøtet i januar. Ei redaksjonell endring er gjort, ordet KUPP fjernes.

Innstilling frå styret:

Handlingsplan godkjennast og leggjast ved protokoll som vedlegg 4.

Saksbehandling: Ingen innkomne forslag.

Følgande hadde ordet: 6 Wærøy, 3 Gautvik, 8 Sundholm, 13 Ellingsen, 12 Ålgårdstad, 7 Petersson, 2 Vikstad.

Avrøysting: 12 røysteføre. Einstemmig.

Vedtak:

Handlingsplan godkjennast og leggjast ved protokoll som vedlegg 4.

SAK 8: FORSLAG TIL REISEDIREKTIV

Ingen endringar frå 2024.

Innstilling frå styret:

Reisedirektiv godkjennast og leggst ved protokoll som vedlegg 5.

Saksbehandling: Ingen innkomne forslag. Følgande hadde ordet: 12 Ålgårdstad.

Avrøysting: 12 røysteføre, Einstemmig.

Vedtak:

Reisedirektiv godkjennast og leggst ved protokoll som vedlegg 5.

Delegat 6 Wærøy forlèt årsmøtet klokka 20:13. 11 røysteføre.

SAK 9: BUDSJETT 2025

Framlegg av budsjett forslag av kasserar Stig Ålgårdstad.

Innstilling frå styret: Budsjett 2025 godkjennast og leggjast ved protokoll som vedlegg 6.

Saksbehandling: Ingen innkomne forslag.

Følgande hadde ordet: 13 Ellingsen.

Avrøysting: 11 røysteføre. Einstemmig.

Vedtak:

Budsjett 2025 godkjennast og leggjast ved protokoll som vedlegg 6.

SAK 10: VAL

Leiar av valkomiteen Petrine Angell Vikstad la fram valkomiteen si innstilling til verva som er på val.

10.1. Val av styremedlemmar

Nestleiar Irene Sundholm, styremedlem Linda Sandvær og styremedlem Terje Mikkell Mundal er ikkje på val.

Innstilling frå valkomiteen:

Leiar: Anne Turid Angell Vikstad, 2 år.

Kasserar: Bjørn Anders Tandstad, 1 år.

Styremedlem: Stig Ålgårdstad, 2 år.

1. vara: Elisabeth Nøringset, 1 år.

2. vara: Hanna Petersson, 1 år.

3. vara: Anja Grebstad, 1 år.

Saksbehandling: Ingen mot forslag. Ingen tok ordet i saka.

Avrøysting: 11 røysteføre. Einstemmig ved akklamasjon.

Vedtak:

Leiar: Anne Turid Angell Vikstad, 2 år.

Kasserar: Bjørn Anders Tandstad, 1 år.

Styremedlem: Stig Ålgårdstad, 2 år.

1. vara: Elisabeth Nøringset, 1 år.

2. vara: Hanna Petersson, 1 år.

3. vara: Anja Grebstad, 1 år.

Delegat 7 Petersson forlèt årsmøtet klokka 20:23. 10 røysteføre.

10.2. Val av delegatar til fylkesårsmøtet.

2 delegatar og 3 varamedlemar skal veljast, i tillegg er lokallagsleiar delegat. Medlemar av fylkesstyret kan ikkje veljast. Ingen innstilling i saka.

Saksbehandling: Forhandlingar i salen.

Innkomne forslag: Fellesforslag frå årsmøtet: Delegatar Bjørn Anders Tandstad, Stig Ålgårdstad. 1. vara Audun Gautvik, 2. vara Anja Grebstad, 3. vara Frode Wærøy.

Avrøysting: 10 røysteføre. Einstemmig ved akklamasjon.

Vedtak:

Delegatar Bjørn Anders Tandstad, Stig Ålgårdstad. 1. vara Audun Gautvik, 2. vara Anja Grebstad, 3. vara Frode Wærøy.

11.3. Val av valkomité

Innstilling:

Leiar valkomiteen Petrine Angell Vikstad, 1 år.

Medlem valkomiteen Aud Hjellegjerde, 1 år.

Medlem valkomiteen Kirsti Vedvik, 1 år.

Vara valkomiteen Audun Gautvik, 1 år.

Saksbehandling: Ingen mot forslag. Ingen tok ordet i saka.

Avrøysting: 10 røysteføre. Einstemmig ved akklamasjon.

Vedtak:

Leiar valkomiteen Petrine Angell Vikstad, 1 år.

Medlem valkomiteen Aud Hjellegjerde, 1 år.

Medlem valkomiteen Kirsti Vedvik, 1 år.

Vara valkomiteen Audun Gautvik, 1 år.

10.3. Val av to revisorar

Innstilling frå styret: Frode Lyse, Ståle Eikrem.

Saksbehandling: Ingen mot forslag. Ingen tok ordet i saka.

Avrøysting: 10 røysteføre. Einstemmig ved akklamasjon.

Vedtak:

Revisor Frode Lyse, 1 år.

Revisor Ståle Eikrem, 1 år.

10.4. Val av to som skal ha tilgang til bankkonto, prokura og signaturrett

Økonomiplakaten sei at leiar og kasserar bør ha tilgang til bankkonto. Signaturrett skal heile styret ha saman. Ingen innstilling i saka då den fylgjer valet av styremedlemar.

Saksbehandling: Ingen innkomne forslag. Ingen tok ordet i saka.


Avrøysting: 10 røysteføre. Einstemmig.

Vedtak:

Styrelciar Anne Turid Angell Vikstad og kasserar Bjørn Anders Tandstad skal ha tilgang til bankkonto, og ha prokura kvar for seg. Signaturrett har styret i fellesskap.

Årsmøtet heva kl. 20:34

Sykkylven 27. februar 2025



Svein Honningsvåg

Protokollunderteiknar

Kirsti Vedvik

Kirsti Vedvik

Protokollunderteiknar